



Seniorar på veg inn i ein ny trimsesong: Frå venstre står Edith Kjærland, Johanna Yri (eldst med sine 82 år), Margit Johannessen, Målfrid Utne, Arnhild Myklebust, Gudrun Eidsvik, Ester Mørstad, Eva Myklebust, Else Naasen og instruktør Gunvor Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Også seniorane er godt i gang med haust-trimmen i Aktivitetshuset.

Det var rett nok ikkje fleire enn ni som møtte fram onsdag ettermiddag medan talet i fjor var 17. Men fleire av dei som var med i fjor er bortreist og det kjem fleire etterkvart. Neste onsdag er 'laget' kanskje fulltallig att?

Som i fleire år tidlegare er det Gunvor Myklebust som tek seg av instruksjonen.

Det er nok ein gong grunn til å berømma uskedalingane som er litt opp i åra for vilje og evne til å halda kroppen i form. Dei er flinkare enn dei fleste yngre til å trimma.

Dei som møtte fram til trimmen onsdag var frå 70 til 82 år og når 'laget' etterkvart blir komplett kjem aldersspennet til å vera frå 66 til 82.

Men kva med mennene?

Av Ola Matti Mathisen